

Årsmelding 2020

for Vaksdal sokn



Vaksdal sokneråd 01.01.2020-31.12.2020.

Medlem, leiar og repr. trusopplæringsrådet	Grete Loftheim Dale
Medlem og nestleiar	Bjørn Knutsen
Medlem og skrivar	Tormod Amundsen
Medlem og representant i fellesråd	Anders Boge
Medlem og vara repr. fellesrådet	Odd Arild Faugstad
Medlem	Tove Margrete Nordmark
Sokneprest	Edvard Bø
Varamedlem og kasserar	Oddvar Dale
Varamedlem	Per Nordmark
Varamedlem	Else Veronica Olsson
Varamedlem	Bjørn Kristian Aga

Andre verv:

Kontaktperson Kirkens nødhjelp:	Per Nordmark
Leiar i Vaksdal barnelags juleverkstad	Martha Bjørsvik

Kasserar Vaksdal barnelag sin juleverkstad Soknerådet ved kasserar

Leiar i Vaksdal søndagsskule Kristin Straume Audestad (frivillig verv)

Kontaktperson 50 års konfirmantfest Soknerådet

Bibelkontakt Soknerådet

HimalPartner- kontakt Soknerådet

Kontaktperson for «Kvinnenes internasjonale bønnedag»: Ingen

Tilsette i Vaksdal fellesrådsområde:

Sokneprest	Edvard Bø
Sokneprest	Frode Kvamsøe
Organist	Ruben Sverre Gjertsen
Organist	Anton Proskurnin
Klokkar	Bjørn Knutsen
Kyrkjetenar / vaktmeister	Ottar Dalseid
Trusopplærar	Kristin Straume Audestad

Andre frivillige medarbeidarar:

Mange medarbeidarar utanom soknerådet stiller opp og gjer til vanleg ein verdifull innsats, til smørjing av mat, kyrkjekaffi, juleverkstad, fasteaksjon, konfirmantundervisning, juletreff, under arrangement for born, med fleire. I 2020 vart aktiviteten betydeleg påverka av og dels redusert p.g.a. korona- pandemi og mange av oppgåvene måtte derfor gå ut. Der har m.a. ikkje vore organisert kyrkjekaffi sidan 8/3. Likevel: Takk for at vi kan rekne med dykk vidare!

Val: Val av person frå soknet til å delta i val av regionstyre og mandat til generalforsamling i sjømannskyrkja: Tove Margrete Nordmark.

Leiar og nestleiar for 2021: Grete og Bjørn.

Vaksdal sokneråd har hatt 11 møte i 2020 i tillegg til eitt soknemøte. Av omsyn til smittevern vart møta 14/4 og 10/11 halde digitalt, gjennom e-post og telefonsamtalar med alle faste medlemmar. Soknerådet handsama 93 saksnummer. Eit planlagt felles møte for sokneråda i Vaksdal 17/3 måtte gå ut.

- **Årsmøte 08.03.2020** etter gudstenesta kl. 11. Møtet vart kunngjort på Facebook og gjennom oppslag på Vaksdal senter med sakliste, rekneskap og årsmelding. Andre saker

kunne meldast soknerådet innan 28.02.2020, men ingen vart melde. På møtet vart det orientert om situasjonen med vedlikehald av Vaksdal kyrkje. Soknerådet tok opp spørsmål om framhald av tradisjon med Fitjvasstemne. Sjå eiga sak under.

Aktuelle saker i løpet av året:

Det er kome forslag frå bygda om **kronerulling til inntekt for flygel** i Vaksdal kyrkje. Organist Ruben Gjertsen kom i nov. med framlegg om å søka OVF om midlar. Soknerådet verdsett eit godt initiativ og vil sjå nærare på saka i 2021.

Grøn kyrkje: Vi skaffa kaffikrus i steintøy og knusefrie glas som kan vaskast i maskin.

«**Krafttak for misjon- saman som kyrkje i heile verda**» blei laga ein plan for. Brevet frå biskopen vart delt ut etter gudstenesta 14/6. Der var og ein munnleg presentasjon under kunngjeringar. Den frå før planlagde ofringa i kyrkja, vart ikkje endra.

Pga. pandemi og spesielt tilrettelagt aktivitet i kyrkja samla Rambøll Management Consulting på vegne av Den norske kyrkja inn data om digital aktivitet i kyrkja for mars-juni. Svarskjema vart fylt ut og sendt.

-**TV-aksjonen** til inntekt for WWF og rydding av plast. Biskopen oppmoda sokna om å engasjere seg. Vaksdal sokneråd hadde ikkje eiga organisert innsamling men kvar enkelt medlem kunne melde seg som digital bøsseberar.

Høyringar frå kyrkjerådet: «Ny kyrkjeleg organisering – kva skjer?» Der var 5 høyringsnotat med svarfrist 30 november. Soknerådet valde å gje uttale på to område . Tove Margrete og Grete las høyringsnotat og formulerte framlegg til svar på to punkter under «Høring – endringer i kirkeordningen og enkelte andre regler» og på 6 punkter under «Kirkevalg – overordnede problemstillinger».

Arkiv:

Referat er ikkje systematisk arkivert. Soknet har eit sjølvstendig ansvar for eige arkiv. Soknerådet vedtok å få på plass arkiv i form av utskrifter i sakristiet samt ein minnepenn i safen. Det er endå ikkje gjennomført. Vi fekk skaffa **ny nøkkel** og tilgang til arkivskap i sakristiet.

Statistikk: I Vaksdal kyrkje vart det i 2020 halde **19 forordnede gudstenester** (28 i 2019) med til saman 654 fram møtte. Ei av gudstenestene var særskilt tilrettelagt for born (3 i 2019, 5 i 2018), ei for ungdom (6 i 2019, 3 i 2018). Av omsyn til smittevern vart det halde 3 konfirmasjonsgudstenester.

I tillegg var der 4 særskilte **dåpsgudstenester** med 64 deltakarar og ei gudsteneste på **Vaksdal sjukeheim** med 9 deltakarar.

Totalt 24 gudstenester.

Gudstenesta ved **Fitjavatnet** var i 2020 forretta av prest i Samnanger og er ikkje med i talet.

18 av dei 19 gudstenestene i kyrkja vart haldne på søn- og heilagdagar, 1 på andre dagar- på nyttårsaftan.

13 gudstenester var med **nattverd** (25 i 2019) med til saman 226 nattverdsgjester.

Ved gudstenesta på sjukeheimen deltok 8 nattverdsgjester.

Ingen musikkandakter.

I 2020 vart 5 born **døpte i kyrkja** (10 i 2019), 16 ungdommar **konfirmerte** (15 i 2019 og 5 i 2018), ingen par **vigde** (0 i 2019 og 3 par i 2018) og der var 13 gravferder (12 i 2019 og 12 i 2018).

Digitale gudstenester i Vaksdal prestegjeld: 16 (inkludert juleandakt)

Fitjvasstemne 10/6-20: Der har vore få frammøtte frå Vaksdal fleire år. Der kom spørsmål frå sokneprest i Samnanger om Vaksdal ville halde fram med tradisjonen. Soknerådet vedtok å ta det opp som sak på årsmøte i 2020. Konklusjon frå møtet: «Vi vil prøve å halde fram med stemne eitt år til i form av familiedag i samarbeid med Vaksdal idrettslag ved Turgruppa og sjå resultat av det.» Av omsyn til smittevern vart det ikkje lagt opp til familiedag i regi av Turgruppa i 2020. Rådet vedtok å prøve på nytt i 2021.

Nyårsaftan var det minnegudsteneste i Dale kyrkje for heile Vaksdal kommune. Staden vart endra av omsyn til plass og smittevern. Midnattsmesse i Vaksdal kyrkje vart halde som før.

Tradisjonen med Lovsongsgudsteneste ved Anders Magne Tolås Wendel, med konfirmantar og leiarar frå Gøteborg måtte gå ut i 2020.

Konsserter eller musikkandakter:

Organist Ruben Sverre Gjertsen hadde planar om orgelkonsertar i Dale og Vaksdal kyrkjer med kollekt til vedlikehald av instrumenta. Nokre konsertar vart avlyste medan andre haldne digitalt på nett og følgeleg tilgjengelege i heile kommunen.

- 07.06 vart det m.a. lagt ut digital «Sjukyrkjeskonsert» ved Ruben Gjertsen, der han veksla mellom å spela på orgla i alle kyrkjene, inkludert Vaksdal kyrkje. Han har og spelt og lagt ut konsserter «Med orgelet som orkester» med musikk av m.a. Grieg, Ravel og Debussy, 27/4 og 29/11.

- Orgelresitasjon digitalt ved Anton Proskurnin 8/4 frå eiga stove.

- Orgelresitasjon digitalt frå Dale kyrkje ved Ruben S. Gjertsen 9/4.

- Tradisjonell haustkonsert i Vaksdal kyrkje med Vaksdal musikklag gjekk ut.

- Tradisjonell adventskonsert i Vaksdal kyrkje gjekk ut. Der vart sendt digital adventskonsert 16/12 frå Dale kyrkje med Ruben Gjertsen og Lars Ragnvaldsen og med adventstankar ved varaordførar Kjartan Haugsnes.

Flotte konsserter!

Koret **Kilden** har sine øvingar i Vaksdal kyrkje fredagar under leiing av organist Ruben Sverre Gjertsen. Kilden deltar aktivt under gudstenester og i konfirmantarbeid. Mykje av vanleg aktivitet måtte gå ut.

Trusopplæring / arbeid for born

Trusopplæring: Mykje måtte avlysast i 2020. Det vart nokre treff med babysong, lunsjtreff, småbornssong og Knøttesong før 12/3. Trusopplærar fekk arrangert nokre digitale songstunder for born i heile prestegjeldet, digital «Stovesong» på Facebook.

4-åringar: Bok til 4 åringar vart sendt ut i posten i 2021. 9 born frå Vaksdal fekk boka.

Nytestamente: NT til 11 åringar vil bli delt ut under «Lys vaken» i Dale kyrkje på nyåret i 2021.

Borna sin påskedag: Til påske laga trusopplærar til ei digital påskevandring for born. Totalt 107 deltakarar frå kommunen.

Skulevegenstart for 6 åringar: 7 som møtte.

Tårnagenthelg: 25.- 26. januar. Borna var 2. klassingar frå fleire bygder i kommunen. 9 møtte frå Vaksdal.

«Lys vaken» var i Dale kyrkje 1.-2. februar for 11 åringar. 3 frå Vaksdal sokn møtte.

Vaksdal søndagsskule (organisert under Søndagsskolen Norge) har samlingar under indremisjonen sine storsamlingar i Vaksdal bedehus. I snitt var der 6 deltakarar i alder 3-12 år på møta.

Barnelaget sin juleverkstad: Måtte gå ut.

Konfirmantarbeid:

I **kullet frå 2019/2020** var der 16 konfirmantar. P.g.a. pandemi vart undervisninga endra. Ein del skjedde digitalt. Ung Messe var 23/8. Dei vart konfirmerte i Vaksdal kyrkje 30.08.20, utsett frå 03.05. Kullet vart delt på 3 kohortar og der var 3 gudstenester etter kvarandre. Det fungerte godt. Tradisjonell fest for konfirmantar og føresette med førebuing til konfirmasjonen, vart forenkla. Føresette og yngre søsken vart ikkje innbedne.

«Ha ein god dag» måtte gå ut. **Fasteaksjonen** vart digital og planlagd «kick off» avlyst.

Konfirmantane av 2020/2021 kullet vart presenterte under ungdomsgudstenesta 20.09 – 10 konfirmantar i alt.

05:11.2020 var det Alphasamling i Vaksdal kyrkje med enkel servering.

Leir for konfirmantane blei utsett. Tradisjonell lysmesse med konfirmantar, nattcup og adventssamling måtte gå ut. Ein del av undervisninga vart digital, dels med heimeoppgåver. M.a. utforma konfirmantane julekort til eldre.

Festar: Det vart halde tradisjonell **juletefest** 4. januar på Vaksdal bedehus; fast program med musikk, andakt, gong om juletreet, matøkt, julespel med borna og utlodding. Der kom om lag 65 personar på festen, 20 born. Vi fekk god tilbakemelding m.a. på det å halde tradisjonen med juletefest i hevd.

50 års konfirmantfest vart utsett til hausten 2021. Planen er då å ha ein felles fest for to kull, konfirmantar frå 1970 og -71. Det vart sendt ut brev med informasjon til 1970- kullet.

Tradisjonell medarbeidarfest i Dale bedehus måtte gå ut

Misjon: Me heldt fram med å støtta HimalPartner med ofring 2 gonger i året.

Fasteaksjonen: Kick-off for konfirmantar og føresette vart og avlyst. Fasteaksjonen vart gjennomført elektronisk. Måtar å gje pengar vart kunngjort via VP, kyrkjebladet, Facebook aksjon sentralt og lokalt og lokalt ved plakatar hengt opp på Vaksdal senter.

Innkomne midlar totalt: kr 17 506,- . (2019: kr. 21 229,-)

Kyrkja- vedlikehald:

18.08 møtte vaktmeister/ kyrkjetenar og kyrkjeverja på soknerådsmøte. Dei orienterte om kva som var gjort og om kva som burde gjerast. Soknerådet kom med innspel om behov. Vaktmeister gjer ein del vedlikehald etter kvart, men der er store behov. Nokre prosjekt vil verta kostnadskrevjande- m.a. det å løyse problem med fukt i og rundt kyrkja.

- Der er skaffa **4 nye bord** som passa til stolane som var der frå før.

- I Vaksdal kyrkje er fuger rundt inngangsportalen reparerte. Lys i våpenhuset er ordna. Nytt kjøleskap er bestilt.

- Der er framleis utfordringar i kyrkja knytt til universell utforming.

Økonomi:

Totalt innkomme i ofring og kollekt til eige arbeid og eksterne mottakarar: kr 37 105,- (kr 61 919,- i 2019).

Av midlane kom 63,59 % inn på VIPPS.

I tillegg kom midlane til Kirkens nødhjelp på **fasteaksjonen** Sjøå eige avsnitt.

Soknerådet hadde kr. 7000,- i utgifter til m.a. 4 nye bord til konfirmantrommet og noko steintøy, kaffekrus, glas og asjettar. Elles var utgifter reduserte p.g.a. redusert aktivitet som følgje av pandemien.

Eigenkapital pr. 31.12.20: kr 41 839,18. Underskot: Kr 255,94

(Eigenkapital pr. 31.12.19: kr 42 095,12. Underskot: kr 1095,27.)

Dugnad:

Fleire økter med luking, slått, reinsing i kyrkjetrappa og litt vedlikehald. I tillegg pynting og hausting av juletre og montering av bord i konfirmantrommet.

Totalt timar dugnad i 2020: 36 timar.

Vi takkar medverkande for samarbeid og støtte i 2020.

16.03.2021

Vaksdal sokneråd

Grete Loftheim Dale, leiar